

**Møtte toppløparar i Haukelirennet**

15.04.2013

**Denne helga har ein solid tropp frå Uskedalen vore med i Haukelirennet. Dei koste seg saman med over 1100 deltakarar og var også så heldige å få helse på toppløparar.**

Over er Martin Arnesen saman med Tord Asle Gjerdalen og under tre blad Haugland (Solveig, Veslemøy og Ingebjørg) saman med Astrid Uhrenholt Jakobsen.

Uskedelingane gjorde ein respektabel innsats. Pål Haugland vart andremann i si klasse medan Ingebjørg vart nummer 4 og Solveig nummer 11 i sine klassar.

I klassa til Solveig var 22 med. Johannes Haugland kom omtrent 'midt i køen' i si klasse.